



HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Herøy kommune - Vedtak om løyve til utfylling i sjø ved Eggesbønes

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Herøy kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Eggesbønes. Løyve med vilkår følgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 33 800 for sakshandsaminga.

Vi syner til søknad av 10.08.2021 om løyve til utfylling ved Eggesbønes og til korrespondanse av 28.09.2021 med oppdaterte opplysningar om tiltaket.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Herøy kommune løyve til utfylling i sjø ved Eggesbønes, gnr. 38 bnr. 301. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyve skal gjevast, og ved fastsetting av vilkåra, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket sett i samband med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet.

Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg naudsynte løyve etter plan- og bygningslova og hamne- og farvasslova, og tiltaket er klarert etter kulturminnelova.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

Løyvet til forureinande aktivitet gjev ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap årsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.



Bakgrunn

Herøy kommune søkte 10.08.2021 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Eggesbønes, gnr. 38 bnr. 301. Etter ein reduksjon av omfanget til tiltaket, vart det 28.09.2021 send inn oppdaterte opplysningar. Jf. oppdaterte opplysningar innsend 28.09.2021 skal det fyllast ut med om lag 33 000 m³ massar over eit areal på om lag 8 350 m². Hensikta er å utvide næringsarealet i området. Tiltaket er planlagt utført frå seinhausten 2021 til januar 2022.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 15.09.2021. Vi fekk inn dei følgjande innspela og kommentarane:

Kystverket (18.08.2021)

Kystverket skriv at det vart varsla regulering i 2017 av eit større område og at mellom anna Kystverket hadde fleire merknadar. Etter kva Kystverket kjenner til, er planprosessen framleis ikkje ferdig.

Med omsyn til farleia i sjø og tryggleik i farvatnet har ikkje Kystverket innvendingar mot at det gjevast løyve til utfylling innanfor føremålgrensene for regulert industriareal, men dei påpeker at sjøkartar viser mange røyr og leidningar i sjø sør i det aktuelle området, som det må takast omsyn til. Kystverket meiner det ikkje er samsvar med sjøkartet og det som står i Norconsult-rapporten. Kystverket føresett at tiltakshavar før igangsetting har full kontroll på alle eksisterande røyr- og leidningstraséar, og skriv at det må gjerast ny innmåling og rapportering dersom posisjonane ikkje er korrekte. Eigargar av røyr og leidningar som kan verte påverka må kontaktast før gjennomføring av tiltaket.

Kystverket opplyser elles at handsaming av utfyllingstiltaket etter hamne- og farvasslova skal gjerast av kommunal hamnemyndigheit i det aktuelle området. Til sist skriv Kystverket at søknaden burde hatt vedlagt eit betre kartgrunnlag.

Bergen Sjøfartsmuseum (23.08.2021)

Sjøfartsmuseet opplyser at dei i oktober 2020 gjennomførte marinarkeologiske undersøkingar i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn som var omfatta av kulturminnelova. Museet har difor ingen merknadar til det planlagde tiltaket, men minner om meldeplikta dersom ein under arbeidet skulle finne skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Fiskeridirektoratet (25.08.2021)

Fiskeridirektoratet uttalar seg om fiskeri- og akvakulturinteressar og marint biologisk mangfald.

Fiskeridirektoratet skriv at det er registrert eit område for fiske med passive reiskap (teiner) om lag 200 meter unna tiltaksområdet og eit område for garn om lag 350 meter i retning aust. Om lag 420 meter frå utfyllingsområdet skal det vere eit felt for aktive reiskapar (rekestrål). Utfyllingsområdet ligg i tarehaustefeltet 248D. Fiskeridirektoratet vurderer at utfyllingstiltaket vil ha lita betydning for haustefeltet, då tarehaustefeltet er stort. Fiskeridirektoratet vurderer også at det ikkje vil verte konflikt med områda for fiske med passive og aktive reiskapar. Ein større tareskogførekost, verdivurdert som viktig, er registrert om lag 860 m vest for utfyllingsområdet, og frå om lag 1,3 km unna tiltaksområdet er det registrert enno fleire naturverdiar i sjøen.

Akvakulturlokaliteten 30597 Eggesbønes (slaktemerddar) og MOWI Norway AS sitt lakseslakteri ligg like ved utfyllingsområdet. Algelokaliteten 37517 Skarvskjæret ligg om lag 4,2 km aust for tiltaksområdet. Fiskeridirektoratet ynskjer at det takast omsyn til akvakulturlokalitetane og ståande fisk i ventemerddar i sjø.



Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit stort, regionalt viktig gytefelt for torsk i Dimna/Bøfjorden, og utfyllingsområdet ligg innanfor dette feltet. Fiskeridirektoratet ynskjer at det takast omsyn til gytinga til torsken og tidlege livsfasar ved utfylling. Dei syner til ei tidlegare uttale frå HI, der det vart anbefala at tiltak som mudring og utfylling i nærleiken til gytefelt i størst mogleg grad utførast utanfor gyteperioden og tida der yngelen botnslår, som regel anslått til perioden februar-juni. HI anbefala òg siltgardin for å beskytte yngelen mot partiklar i vatnet om sumaren og utover hausten. Fiskeridirektoratet ber om at avbøtande tiltak vurderast dersom tiltaksperioden fell saman med perioden frå februar til medio juni.

Statsforvaltaren sine vurderingar

I følgje *Lov av 13. mars 1981 om vern mot forureining og om avfall* (forureiningslova) § 7 er det ikkje lov å sette i verk noko som kan medføre fare for forureining. Forureiningsmyndigheta kan gjeve løyve til verksemd som kan føre til forureining etter § 11 i den same lova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er av den oppfatning at tiltaket som søkast om kan medføre fare for forureining og difor krevjar eit løyve etter forureiningslova § 11.

Sedimentforureining og spreieing av partiklar

Norconsult har utført ei miljøundersøking av sediment i eit større området ved Eggesbønes, som det aktuelle tiltaksområdet er del av (sjå rapport av 14.08.2018 med oppdragsnr. 5181198). Prøvetakinga vart utført i tre prøvestasjonar i sediment («S1»-«S3»). Miljøgiften TBT vart påvist i tilstandsklasse V, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016, i alle dei tre stasjonane, og i stasjonen «S1» var verdien veldig høg. Fleire PAH-forbindingar vart påvist opp til klasse IV i materialet frå «S1» og opp til klasse III i dei andre stasjonane. Koppar vart påvist i klasse IV i «S1» og III i dei andre stasjonane. PCB, arsen og sink vart påvist i klasse III i «S1», men var berre på bakgrunnsnivå ved dei andre stasjonane. Kadmium vart påvist i klasse II i alle stasjonane. Alt i alt er det «S1» som har dei høgaste nivåa av miljøgifter, men alle stasjonane er påverka av forureining i vesentleg grad. Konsulenten forklarar dei høge nivåa ved «S1» med at denne stasjonen ligg på den same sida som hamneanlegget (nord), som kan ha vore ei kjelde til forureining, og at det er mindre straum i vatnet på denne sida slik at miljøgifter lettare hopar seg opp.

Sedimenta i området viste seg å i mindre grad bestå av finpartikulært materiale, men konsulenten finn det likevel sannsynleg at det vil virvlast opp forureina sediment ved utfylling med steinmassar. Konsulenten anbefalte difor ei tiltaksbasert risikovurdering for å avgjere behovet for spreieingshindrande tiltak under utfyllingsarbeid.

Utfyllinga som det no søkast om er langt mindre i omfang enn det som fyrst var planlagd. Spesielt på nordsida av neset, der prøvetakinga syner mest forureining, er fyllinga redusert. Prøvestasjonen «S1» ligg utanfor området som no skal fyllast ut, men det er likevel sannsynleg at tiltaket vil komme i kontakt med forureina sjøbotn. Vi ser ikkje behov for omfattande avbøtande tiltak under arbeidet, men tiltaksarbeidet må haldast under oppsyn for å halde kontroll på partikkelspreiinga, jf. vilkår 5.1 i løyvet. Sjå òg komande avsnitt om torsken sin gyteperiode.

Plast og avfall

Steinmassar som nyttast til utfylling i sjø bringer ofte med seg sprengtrådrestar og liknande avfall til vatnet. Slik forsøpling må reduserast så mykje som mogleg. I søknaden er det oppgitt at det vil verte nytta sprengstein frå ein bergnabb i området i tillegg til massar som skal hentast med bil frå eit godkjent masseuttak. Vilkår 4.5 skal sikre god handsaming av plastproblematikk under arbeidet.



Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i opplysningar oppgitt i søknaden og den vedlagte rapporten frå Norconsult og informasjon frå databasane *Naturbasen*, *Vann-Nett* og Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi kan ikkje sjå nokon grunn til å legge spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det eldre registreringar av beiteområde for songsvane ved Bussvågen, i overkant av 400 meter nordaust for tiltaksområdet, og av beiteområde for grågås ved Herøya om lag 800 meter søraust for tiltaksområdet. På grunn av den store avstanden ventast ikkje desse naturverdiane å verte påverka av tiltaket.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert eit akvakulturanlegg like ved tiltaksområdet. Dette er eit større anlegg tilhøyrande MOWI. Det er òg registrert ein lokalitet ved Mjølstadneset på den andre sida av sundet, om lag 350 meter unna tiltaksområdet. Tiltakshavar bør ha dialog med nærliggjande akvakulturverksemdar under tiltaket og varsle dei i forkant.

Større fiskeplassar for aktive og passive reiskap er registrert i sjøen utanfor tiltaksområdet, med ein distanse til tiltaksområdet på om lag 200 meter på det næraste. Ei større førekomst av naturtypen undervasseng er registrert frå Stridestraumen og nordover, om lag 350 meter nord for tiltaksområdet på det næraste. Undervassenga er verdivurdert som viktig. Ein større tareskogførekomst er registrert i sjøen om lag ein kilometer vest for tiltaksområdet. Vi venter ingen vesentleg påverknad på desse naturverdiane frå tiltaket, men det er viktig at det haldast kontroll på partikkelspreiinga under arbeidet, jf. vilkår 5.1 i løyvet.

Eit svært stort gytefelt for torsk er registrert i Herøyfjorden og tilgrensande sjøområde, og dette feltet omfattar òg sjølve tiltaksområdet. Gytefeltet er verdivurdert som regionalt viktig. Havforskningsinstituttet anbefaler at tiltak i sjø, som mudring og utfylling, i størst mogleg grad utførast utanom perioden der torsken gyter og yngel botnslår, jf. Fiskeridirektoratet si høyringsuttale. Det aktuelle utfyllingstiltaket medfører risiko for oppvirvling av forureina sediment og partiklar. Vi finn difor at det mest forsvarlege i denne saka er at tiltaksarbeid utførast utanom den sårbare perioden, frå og med 1. februar til og med 15. juni, jf. vilkår 4.7 i løyvet.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Det aktuelle tiltaket er ikkje spesielt stort i omfang, og skal gjerast i eit område som allereie ber vesentleg preg av menneskeleg utbygging og aktivitet. Vi finn at tiltaket ikkje vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastninga i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar gjennomfører avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet, og dekkjer eventuelle kostnadar av desse tiltaka. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten ved namn *Herøyfjorden-Røyraundet*, som i databasen *Vann-nett* har registrert god økologisk tilstand, men ikkje definert kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje



utførast dersom inngrepet medfører risiko for at tilstanda til vassførekomsten vert redusert. På bakgrunn av vilkåra i løyvet, og tiltaket sitt moderate omfang, meiner vi at det ikkje er risiko for dette.

Regulering og plan

Området som no søkast utfyllt er i det store og hele regulert til føremålet. Unntaket er ein mindre del i nordaust, som per dags dato er regulert til hamneføremål. Etter kva vi forstår er det no ein prosess i kommunen der òg den resterande biten vil få regulering som opnar for utfylling. Vårt vedtak etter forureiningslova omfattar heile det området der det er søkt om utfylling (8 350 m²), men vi føresett at rett regulering kjem på plass før utfylling settast i verk i delområdet i nordaust, jf. vilkår 4.2 i løyvet.

Konklusjon

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre spreining av forureining og anna miljøulempe som er uakseptabelt stor sett i samband med samfunnsnytta av tiltaket.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltningslova, av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om igangsetting kan ikkje klagast på.

Vedtak om gebyr

Herøy kommune skal som varsla i brev av 13.08.2021 betale eit gebyr på kr 33 800 for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si handsaming av søknaden, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Sakshandsaminga er plassert i gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Faktura vert ettersend frå Miljødirektoratet.

Det kan klagast på storleiken til gebyret innan tre veker. Gebyret skal likevel betalast innan fristen. Dersom klaga får medhald vil det overskytande beløpet verte betalt tilbake. Ei eventuell klage på gebyret skal føreliggjast Miljødirektoratet, men sendast via Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltarens logo skal ikkje nyttast. Her er vårt forslag til kunngjeringstekst:



Herøy kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling ved Eggesbønes, gnr. 38 bnr. 301, med om lag 33 000 m³ massar over eit areal på om lag 8 350 m². Utfyllinga skal gjerast for å utvide næringsarealet i området. Tiltaket er planlagt utført frå seinhausten 2021 til tidleg 2022.

Vedtak med løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal.

Klage eller kommentarar til vedtaket kan sendast til Statsforvaltaren innan 3 veker frå datoen til vedtaket.

Datoar og fristar

- Løyvet skal offentleggjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post (fmmrthau@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til 31.12.2022
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at utfyllingsarbeidet er ferdig
- Måledata frå sedimenta (sjå Norconsult sin rapport) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 30.11.2021.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Løyve for Herøy kommune til utfylling i sjø ved Eggebønes, gnr. 38 bnr. 301**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2022**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

| | |
|------------------------------------|-------------------------------------|
| Bedrift | Herøy kommune |
| Lokalisering/gateadresse | - |
| Postadresse | Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG |
| Org. nummer (bedrift) | 974 550 490 (eigast av 968 978 840) |
| Lokalitet for tiltaket | Eggebønes |
| Koordinatar for tiltaket (UTM 32) | X: 326879, Y: 6914342 |
| Gards- og bruksnummer for tiltaket | Gnr. 38 bnr. 301 |
| Kommune tiltaket utførast i | Herøy |

Fylkesmannens referansar

| | | | |
|-------------|-----------------|---------------------------|-----------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer | Risikoklasse ¹ | ePhorte |
| 2021.0744.T | 1515.0070.01 | 4 | 2021/3979 |
| Løyve gitt: | Endringsnummer: | Sist endra: | |
| 30.09.2021 | - | - | |

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Kva endring som er gjort |
|----------------|--------------|-------|--------------------------|
| | | | |

¹ Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 33 000 m³ reine massar i eit område på om lag 8350 m² ved Eggesbønes, gnr. 38 bnr. 301, i Herøy kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 10.08.2021, med oppdaterte opplysningar innsend i e-postar av 28.09.2021, dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresettnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i oppdatert kart innsend 28.09.2021. Rett regulering må på plass før utfylling kan settast i verk i delområdet i nordaust der det per dags dato er regulert til hamneføremål.
- 4.3 Utfyllingsarbeidet må utførast skånsamt for å redusere uheldig oppvirvling og spreining av partiklar.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimentar i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Eventuell sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i utfyllingsmassane skal fjernast før massane leggjast i fyllinga.
- 4.6 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreining av partiklar.
- 4.7 Utfyllingsarbeid skal av omsyn til gyttetorsk og yngel ikkje utførast i perioden frå og med 1. februar til og med 15. juni.



5. Kontroll og overvaking

5.1 Tiltaksarbeidet skal overvakast visuelt for å halde kontroll på partikkelspreiinga. Dersom det vert observert gjentakande stor oppvirling eller spreining av partiklar og slam i vassmassane, må det søkast å utføre arbeidet meir skånsamt, fjernast finstoff frå steinmassane før dei dumpast i vatnet, eller Statsforvaltaren kontaktast.

6. Rapportering

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå Norconsult sin rapport av 14.08.2018 med oppdragsnr. 5181198) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan **30.11.2021**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei kort skildring av tiltak som vart gjort for å redusere spreining av partiklar og belastning på naturmiljøet.